

Tre nye artistar på Festidalen-programmet.

16.03.2017



OnklP & Slektta avsluttar fredagen på Festidalen 2017. (Foto: Jørn Veberg)

Daniel Kvammen opnar fredagen og OnklP & Slektta avsluttar den. Norsk på norsk i begge endar. Sjarm og feststemning. Hit etter hit. Ary gir kvelden smaksrik dybde og magi.

Etter å ha spelt for millionar av tv-sjåarar verda over med låta Endelig Hjemme på Cecilia Brækhus sin Homecoming i Oslo Spektrum, hiv OnklP & Slektta seg rund og turnerer landet med toppa lag og friske låtar i sekken. Sommaren 2017 tilhøyrer denne gjengen.

Bandet har gjort sjangerfusjonen rap/rock megapoppis, og treft eit enormt publikum med hits som Styggen på Ryggen, Panderosa og Myk Landing. Sidan debuten i 2014 har Slektta blitt eit fenomen og ein sensasjon i Noreg, med tre strake album, eit dryss av prisar og nominasjonar, hits som grensar til landeplager, og ikkje minst ei endelaus rekka med utselde konsertar. Forutan samanhengande listing på radio sidan debuten, har gjengen generert fleire titals millionar streams. Men f*%^ radio og streams, det er live OnklP & Slektta må opplevast. Tidenes slektstreff på Dønhaug!



Ary, spennande artist til Festidalen.(Pressefoto)

Ary er sjef. Ary er mot og styrke kamuflert i mjuk eleganse. Moderne, drøymende og esoterisk elektropop for villige hopper og hingstar. Mellom fjella våre, ved fjorden vår, spår Festidalen at denne konserten framkallar både gásehud, romantikk og ein himmel full av nordlys. Oi, gløymde me å nemna at det sjølvsagt var Ary som hadde den sjukt kule introlåten til TV-serien Nobel?

Med låten Du fortunar ein som meg i 2015 traff Daniel Kvammen Noreg i hjarterota. Debuten var ein sann suksess, og duden spela ein smørfeit søndagskonsert i havna under Festidalen. No i 2017 kjem han attende, og det med meir snop i posen: nytt album, overveldande skryt frå kritikarar og den ferske radiohitene Me dansar ikkje for moro skyld. Daniel startar Festidalen 2017, og det med pop stinn i sjarm. Kom tidleg, og bli til seint.

Tre kjappe frå Daidalos:

-OnklP & Slekta er den type kraftpakke me i Festidalen elsker å gi publikum. Bandet er proppa med kvalitet frå kule kisar i bl.a. Turboneger og OsloEss, dei nyter å dra stemninga til nye høgder, og gir alt live. Låtmaterialet er tett og tøft, med det beste frå to sjangrar. Og det seier jo litt at 'Styggen på Ryggen' er streama meir enn både Kaizers og Karpe sine største hits på Spotify.



Daniel Kvammen er tilbake to år etter at han begeistra publikum under søndagskonserten i båthamna(Foto:Kim Jakobsen)

-Daniel Kvammen er eit spenn molter, jordbær, eller kva du måtte lika. Låtane hans er imponerande nære, treffande og nedlessa i sjarm. Eg meiner dette er den perfekte opninga på Festidalen. Stilig og stemningsfullt.

-Ary er noko av det mest spennande som flyt rundt i det norske musikkmiljøet for tida. Då ein bønsj med musikkvitarar, journalistar og bookarar skulle stemma fram dei ti mest lovande artistane i landet for tida, var svaret klart- Ary! Dette blir veldig spesielle greier.

Tekst: Festidalen

Nett: Thor Inge Døssland